

## **Styremøte 15.nov. kl 16.30 på Kraftsenteret.**

Desse møtte: Mette Marie Døving, Bjørg S. Kleppe, Turid Aspehjel, Mariann G. Døving, Solveig L. Stakkestad, Sunneva Linge.

Sak 1/2016-2017 Referat, orienteringar

VBK fekk gode tilbake meldingar på evalueringsmøte for Martin Linge-huset/opning og fest.

25. nov. er den internasjonale FN-dagen for avskaffing av vold mot kvinner.

Oppmoding frå NBK om å gjere noko - kanskje tenne eit oransje lys inne el. ute på trappa.

Fylkeslaget ber om framlegg til ny fylkesleiar.

Sak 2/ 2016-2017 Konstituering av styret

Leiar	Mette Marie Døving
Nestleiar	Bjørg S. Kleppe
Kasserar	Mariann G. Døving
Skrivar	Sunneva Linge
Studieleiar	Turid Aspehjel

Sak 3/2016-2017 Evaluering av Kafegruppa og Tur/aktivitetsgruppa

Det var ynske om ein leiar/ansvarleg i kvar gruppe som dei andre i gruppa kunne melde til.

Kafegruppa: Styret ber Vigdis D. Mork om å ta leiaransvaret. Gruppa kan også dele på ansvaret slik at det er ein ansvarleg for kvar tilstelling.

Men gruppa bør tidleg bestemme korleis dei vil ha det. Kanskje møtest mange på julelag på VTS

og kan snakke saman. Vigdis har leiaransvar til noko anna ev.er bestemt, og sender styret melding om kven som tek ansvaret.

Kafegruppa får ansvar for: 2 Fredagskafear (framlegg om datoar, ikkje endeleg bestemt), 1 kyrkjekaffi ( sep/okt) + ev.1 kulturskulekafe (mai/juni).

OBS! OBS! OBS! 2.des. har VBK ansvar for Fredagskafe! Meld frå om kaker til Vigdis! Meld også frå til henne om du kan møte opp og hjelpe til.

Tur/aktivitetsgruppa:Styret ber Anne Nygård om å ta leiaransvaret. Denne gruppa kan også bestemme om dei vil byte på leiaransvaret, men må bestemme raskt kva dei vil velje.

Anne har leiaransvar til noko anna ev. er bestemt, og sender melding om kven som tek ansvaret.

Tur/aktivitetsgruppa har ansvar for: VTS - Julelag i jan (8. jan.2017 kl. 15 -17),

Familiemiddag i feb/ mars, Sommaravslutning i juni, juleavslutning i nov./des.

Sak 4/2016-2017 Arbeidsplan 2017

Endringar kan bli aktuelle.

Januar Julelag VTS, Ekstraordinært årsmøte 23. jan. på Kraftsenteret.

FebruarSøndagsmiddag. Verveaksjon v.5 og 6.

Mars Temamøte: Markere 8.mars. FredagskafeVBK ?

April Temamøte med ev. samarbeid med

Husflidslaget.(Først el. sist i månaden.)

Sansehagedugnad. Mai Medlemsmøte - råvareaksjonen" Ville vekstar».

Juni Sommaravslutning. Kulturskulekafe?

August Setertur/ Muldalen

Sept. Folkehelseveka

Oktober Temamøte med aktuelle saker i kommunen. Invitere ordførar? Fredagskafe VBK? Kyrkjekaffi?

Nov. Årsmøte i starten av månaden på Døving. Ope møte - lage kort.

Des. Juleavslutning ( Konsert? Baking? Julemesse?)

Sak 5/2016-2017 Juleavslutning  
Aktivitetsgruppa er i arbeid.

Sak 6/2016-2017 Eventuelt  
Skrivar hadde med årsrapportskjema og styreskjema og fekk litt hjelp med skrivearbeidet.Skriva skal sendast til Molde og Oslo.  
Etterpå er det ny leiar Mette Marie som får tilsendt brev og meldingar til VBK.

Sunneva Linge skrivar

Førjulshelsing til alle VBKarar:

I den travle juletid: (Vits)Når alt håp er ute - kvifor sitje inne ———

?

Ta deg tid til noko kjekt i desember!